

## Lina Oma si historie

### Livet som barn

26.februar i 1876 på Bu i Eidfjord vart ei lita jente fødd. Ho fekk namnet Olina, men vart kalla Lina. Ho hadde 3 eldre søstrer og fekk seinare to til.

Far til Lina var Hallstein Olsson Gjølmo født i 1836, og mor var Guro Larsdotter Alvsåker født i 1843.

Søstrene frå eldst til yngst var Maria, Anna, Elen Gurina, Lina, Synneva og Helena. Det var 15 år mellom yngste og eldste.

Foreldra til Lina budde først på Bu i Eidfjord der dei pakta ein gard. Men dei ønskte sin eigen og hadde avtale om kjøp på Linga i nærleiken av Strandebarm. Men dette kjøpet var det ikkje noko av ettersom familie i Amerika sørgde for at garden på Linga vart værande i familien. Så Hallstein og Guro reiste litt lenger ut og kjøpte garden i Vikjå og tok etternamnet Viken.

Lina var då eit år gamal og vi skriv 1877. Det året låg snøen 2 meter høg til langt ut i juni. Kanskje det er frå det året ordtaket kjem om at «*det trengs to gode somrar til for å smelta all snøen*»

Vikjestova er eit av husa Lina budde i. Eit anna hus, som dei brukte til å sova i, er flytta til Kinkgarden og vert kalla Vikebu og er truleg frå 1572.

Korleis Lina var og kva ho gjorde som barn og ungdom veit vi ikkje mykje om. Men livet var nok prega av mykje og hardt arbeid. Livsgrunnlaget var fruktdyrking og husdyr. Som tilleggsnæring hogg dei hatleskog (hassel), som det var mykje av i området, og som vart brukt til tønneband. Dei skar og tang som vart tørka og brukt til dyrefor.

Oppgåvene i heimen var mange. Med utan innlagt vatn, elektrisitet og maskiner tok det mykje tid. Det måtte slaktast, fiskast, bryggjast og bakast. Vi veit at bakstekoner gjekk frå gard til gard og Lina lærte nok på desse bagedagane å baka både flatbrød, krotakaker, potetlefser og stumpekaker som er tradisjonsbakst her i Hardanger. Maten vart lagra ved å tørka, salta, forvella, sylta og safta. Alt måtte lagast frå grunnen av, også kledda - så kvinnene måtte kara, spinna, strikka, veva og sy.

Så vi må sjå for oss Lina som lærer og utfører alt dette. Også at ho steller husdyra. Kanskje arbeidde ho med tang og skog. Det var ingen søner i huset så kanskje jentene måtte hjelpa til med meir maskulint arbeid sjølv om det den gong var klår oppgåvefordeling mellom mann og kvinne.

Det var ingen «sosiale media» den gongen, men med fem søstres i huset og store barnekull i dei andre husa hadde nok Lina mange å væra saman med.

Oma fekk skulehus i 1860 som låg i Gjerdavikjø så Lina hadde kort skuleveg. Skuleloven frå 1860 slo fast at om det var meir enn 30 elevar i distriktet skulle det byggjast skulehus. Var det færre var det framleis omgangsskule. Barna skulle gå 9-12 veker på skule kvart år til dei vart konfirmerte. Til samanlikning er kravet i dag 38 veker. Faga Lina hadde var bibelhistorie, lesing, skriving, historie, naturfag, geografi, eller landkunna som det då heite, og song. Skulen Lina gjekk på vart flytta til Tangerås ca. 1906. I dag står dette huset hos ein småbrukar i Strandebarm. I 1906 vart det bygd nytt skulehus på Oma der noverande skule står, men vart flytta til Strandebarm ca. 1950 og brukt som bedehus. Noverande skule vart då bygd.

### **Livet som vaksen**

Søstrene i Vikjø var, i følgje Hallfrid, kjende for sin skjønnheit. Alle 6 søstrene gifte seg, og tre av dei med tre brør. Lina med Torgeir, Anna med Peder og Maria med Lars.

Anna og Peder overtok garden i Vikjø, barndomsheimen til Lina.

Maria og Lars overtok barndomsheimen til Torgeir i Gjerdavikjø på Oma.

Torgeir og Lina bygde etter nokre år hus i Gjerdavikjø som var kalla Solstrand.

Helena budde på Vang på Oma, Synneva på Tangerås i Strandebarm og Elen i Bergen.

Lina gifte seg med Torgeir i 1898, 22 år gamal. Torgeir var fire år eldre, frå Oma og hadde lært båtbyggjarfaget av far sin Ola.

Då dei gifte seg hadde Torgeir arbeidd ved Tronvik Båtbyggjeri på Jeløya ved Moss i 4 år. Der gjorde han nok ein god jobb for etter ei tid leia han heile båtbyggjeriet. Torgeir og Lina budde på Jeløya og fekk sitt første barn Gudrun der, men Lina treivst ikkje og kanskje var det ein grunn til at dei flytta tilbake til Oma i 1900.

Men den andre grunnen var at Peder, bror til Torgeir som var gift med Anna nest eldste søster til Lina og som drev garden i Vikjø, var alvorleg sjuk. Han hadde fått tuberkulose, truleg smitta i USA der han var før han gifta seg.

Peder klarte ikkje lenger å driva garden så Torgeir og Lina kjøpte den. Peder og Anna skilte ut eit mindre stykke som dei busette seg på. Peder døde i 1903 berre 38 år gamal, tre år etter at Torgeir og Lina overtok. Han etterlet seg Anna og sonen Hallstein.

Men det skulle visa seg at Torgeir var ingen bonde. Han uttalte «alt arbeid går oppover her». Det er bratt ved Hardangerfjorden.

Torgeir ville noko anna, så dei selde garden, kjøpte tomt av broren Lars, bygde naust og så huset Solstrand som dei flytta inn i 1905. Torgeir starta opp eige båtbyggjeri i naustet som skulle utvikla seg til eit industrieventyr i norsk samanheng på den tida.

Det var Bruhjell som kjøpte garden i Vikjå av Torgeir og Lina, men også han døydde etter kort tid, berre tre år fekk han på garden. Men enkja etter han klarte å ha garden med hjelp frå ein bror.

Til denne historia høyrer det med at Anna og faren Hallstein prøvde å ta garden tilbake på odel, men sette fram kravet ein eller to dagar for seint - og garden gjekk ut av slekta.

### **Livet på Solstrand**

Lina og Torgeir budde i 2. etasje på naustet medan huset vart bygd. Der budde dei også når dei leigde ut til familiar frå Bergen om somrane. Det var vanleg i den tida og gav ekstra inntekter.

Lina fekk sitt første barn i 1899, ho var då 23 år gamal. Etter sitt andre barn sa ho at no syntes ho det var nok. Etter det fekk ho 8 til.

Sitt siste og 10. barn fekk ho då ho var 43 år. Tal på år mellom kvar barnefødsel var eit- to-eit-to-eit-tre- fire-eit -fem .

12.desember i 1914 opplevde Lina si største sorg, Hallfrid, hennar 3. barn, døyr berre 12 år av sjukdom. Vi kjenner ikkje diagnosen. Lina var då høggravid med Harald som vart fødd berre tretten dagar etter.

Korleis det var for Lina i denne tida kan vi berre førestilla oss. I tillegg til sorga skulle ho ta seg av eit nyfødd barn, ein eitt åring og seks andre frå fem til femten 15 år. Men livet måtte gå vidare og det var travle dagar med arbeid i heimen og på naustet.

I 1919 fem år etter at Hallfrid døyde, fekk Lina sitt siste barn, ei ny Hallfrid. Lina var alltid engsteleg for dette barnet. Redd for at ho skulle frysa og at ho ikkje fekk i seg nok næringsrik mat. Hallfrid fortalde at Lina kom etter henne kvar ho var med mat og klede. Med andre ord sorga over den første Hallfrid og angsten for å miste var nok der heile tida hos Lina.

Men den nye Hallfrid var livsfrisk og vart til stor glede for Lina som ofte sa til henne: «eg gret når eg oppdaga eg skulle ha deg, men eg gret ikkje no»

På Solstrand skjedde det nye ting. Torgeir fekk godt renommé som båtbyggjar og han dreiv no Oma Båtbyggjeri med god hjelp av sønene. På Torgeir sin 70 årsdag stod det mellom anna i ei Osloavis: «*Han bygget så Oma Båtbyggeri som han siden har drevet med innsikt og dyktighet frem til den ansette posisjon det*

*har i dag med forbindelser over hele landet. Gjennom årene har han levert flere tusen båter av forskjellig slag.»*

Men dei fekk også telefonsentral i huset og med det arbeid til kvinnene. Hallfrid snakka mykje om alle telegramma ho sprang rundt i bygda med. Få hadde eigen telefon den gongen. Margit, barnebarn av Lina har arbeidd på telefonsentralen og hugsar godt den tida.

Korleis var så Lina som person? I alle settingar er ho beskrive som ei rolig, mild, varm og klok kvinne. Ho arbeidde hardt noko også Torgeir gjorde, men han var nok meir streng og myndig og gjorde meir av seg.

Dette belyser Hallfrid i to av versa i diktet ho skreiv til søster Gunnbjørg på hennar 85 års dag.

*«Eit paradis på jord var Solstrand for oss - der me ongane, 10 i talet, såg verdens ljøs.*

*Ho mamma var så god og så mild.*

*Med få ord ho fekk ein rakkaronge til å verta snild.*

*Gutane seks og jentene tre, fekk lagnaden god å leva.*

*Med glede for heimen og for alle ho streva.*

*Vasking og bøting på dagsorden sto.*

*Lite fekk ho slappa av og ta det med ro.*

*I veven ho sat og tråden ho spann.*

*I sorg og like mykje i glede tårene rann.*

*«Pappa var streng, og det å lystra var hans lov.*

*Dunka i veggen når for lenge me sov.*

*Då just ikkje nok å omsider koma.*

*Nei, springa me laut. Ikkje liggja der å dorma.*

*På botnen var han den mjuke mann.*

*Om det mykje og mangt forteljast kan.*

*Kvar sundag, i tresko, han hadde rundt bordet sin faste gong.*

*Av full hals «Den store kvite flokk» han song.*

*Eg minnest eg tykte huset skolv.*

*Stille det vart då klokka slo.*

*Maten på bordet presis klokka tolv.*

Hallfrid skreiv og ned små visdomsord etter mor si Lina og her eit som seier litt om henne:

*«Mitt ønskje er: litt fleire blomsterkransar på livets tronge sti. Litt færre på vår grav når striden er forbi»*

Dei eldste barnebarna av Lina som er her i dag har fortalt om minner dei har om Lina.

Kjell Olav beskriv Lina som ein person det var godt og trygt å væra saman med. Til tross for ti egne barn hadde ho glede og overskot til barnebarna, og han hugsar best hennar milde og gode auge. Han fortel og om ein gong dei trengte posar og ikkje hadde det, då sette Lina seg ned og sydde det av innpakkingspapir. Og han hugsar Lina som skylte klede i bekken utanfor huset og Lina med forkle på bakedagane i kjellaren der ho, som i barndomsheimen i Vikjå, bakte krotakaker, stompekaker og potetlefser på takke.

Margit hugsar henne som ei stille kvinne som var opptatt av å stella for dei rundt seg, og fortel kor ho og dei andre ungane sperra opp augo då Lina bada i fjorden og hadde med seg eit såpestykke.

Nils Terje hugsar skapet på kjøkkenet der Lina hadde tørka eple og pærer. Når han som barn trengte trøyst eller noko skulle feirast vart skapet opna og han fekk velja - « eg valde alltid tørka pærer, og eg kjenner smaken enno»

### **Alderdom**

Ni barn vaks opp og flytte ut. Tre vart buande på Oma, ein seinare i Arna, ei i Odda, ein på Bjoa, ein reiste til USA, tre til Oslo og ei seinare til Lindås.

Dei siste åra budde Lina og Torgeir i andre etasje i huset saman med eldste dotter Gudrun som tidleg vart skilt. Eldste son Einar med familie budde i 1. etasje.

Lina døydde i heimen på Solstrand i 1954, 78 år gamal etter ein sjukdomsperiode. Kjell Olav fortel om at ho var opptatt av han heilt til det siste, og Frøydis fortel om open kiste i stova og store vaksne menn som storgret - eit uttrykk for den kjærleik dei hadde til ei mild og klok mor.

Torgeir lever utan si Lina i 9 år. Han døyr 91 år gamal i 1963.